


# Varsel om oppstart av reguleringsplan

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla igangsetting av arbeid med detaljregulering for Knutsaåsen omsorgssenter, GNR/BNR 27/118 mfl. PlanID: 202301, i Stord kommune.

Forslagsstillar er Stord kommune. Utførande konsulent for planlegginga er Multiconsult Norge AS.



Kartet ovanfor syner varsla planområde på 43,6 daa, som omfattar gnr. 27 bnr. 118 m.fl. Det er teke med ekstra areal ved avkøyrslar for plass til frisisikter. Endeleg storleik og avgrensing av planområdet vert avklart i planarbeidet. Planforslaget erstattar delar av gjeldande reguleringsplanar «Leirvik del V, Lønningsåsen», vedtatt 11.05.1982, og «Gravplass Kattatveit, gnr 27 bnr 211 m.fl.», «Miljøgate fv. 544 gjennom Leirvik», «Kunnskapshuset, gnr. 27 bnr. 4», «Ås, Frugardskogen og Frugardselva», «Gnr/bnr 27/365 m.fl., Kattatveit», samt «Gnr. 27 bnr. 299 og 399, utbyggingsplan i Sæ».

Føremålet med planen er å utvida omsorgssenteret, og leggja til rette for ytterlegare 64 plassar og eit produksjonskjøkken som skal betena heile kommunen. Knutsaåsen er tilknytt eksisterande infrastruktur, og vil framleis ha tilkomst frå vegen Kattatveit. Denne vegen er tovegskøyrd og mykje brukt av mjuke trafikantar (m.a. skuleborn og barnehagar), og er ikkje etablert med fortau. Trafikksikring og utforming av tilkomstveg vil difor vera sentralt i planarbeidet. Andre sentrale tema i planen er tilpassing til landskap og naboar, barn og unges interesser, samt grønne verdier.

Planforslaget krev ikkje handsaming etter Forskrift om konsekvensutredningar.

Varslingsdokumenta kan lesast på Multiconsult si nettside [www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/) eller på [www.stord.kommune.no/kunngjoringar](http://www.stord.kommune.no/kunngjoringar)

Naboar og grunneigarar vert varsla direkte.

**Merknader til planarbeidet kan sendast skriftleg til:**

Svein Andersland, ved e-post [svea@multiconsult.no](mailto:svea@multiconsult.no),  
tlf. +47 91399524,  
innan **01.09.2023**

**Spørsmål vedrørande reguleringsarbeidet kan stillast til:**

Svein Andersland, tlf. +47 91399524,  
Multiconsult Norge AS - Kunnskapshuset, Sæ 134, 5417 Stord